

 Kinn kommune
Dato: 3 0 SEPT 2024
J.post id:
Unnt. off.: §

## BUSTADER OG BUSTADMARKNADEN.

At fleire eldre enn i dag, skal bu heime lengre enn i dag, har lenge vore eit uttalt mål. Dette er eit ynskje og eit mål vi delar. For å få dette til må det leggjast til rette for det. Planen gjer greie for ulike måter dette kan skje på. Det gjeld tilpassing i eigen bustad og det gjeld når bustadfelt skal planleggjast. Eit innspel her kan vere spesielt tilrettelagde nye bustadprosjekt, der ein byggjer mindre einingar i til dømes tun med livsløpsstandard og fellessområde med eige velferdshus for dei eldre enn 55+.

Dette kan bidra til å motivere folk til å flytte fra ein ueigna bustad. Likevel tenkjer vi at utvikling av bustadprosjekt som tek høgde for at befolkninga i kommunen vert eldre og at det blir fleire eldre, må skje i samspel mellom kommunen, næringsaktørar og dei eldre sine organisasjonar.

## NY TENESTESTANDARD KINN KOMMUNE

Den einskilde, pårørande og frivillige lag og organisasjonar må i større grad enn i dag bidra for å løyse oppgåver innen pleie og omsorg. Det legg planen opp til, og det legg og den nye Tenestestandarden til Kinn kommune opp til- Den innsatsen som pårørande og frivillige gjer i dag er alt stor. Det er grunn til å bli uroa når nålauget for å få lovpålagt hjelp blir trongare. Vi veit samstundes at det er vanskeleg for mange å finne ut korleis ein skal søkje om hjelp/bistand og ta dei rette vala. Det er etter vårt syn, ikkje tilrådeleg å leggje større ansvar over på dei pårørande og frivillige, for å løyse utfordringane innen pleie og omsorg. Vi meiner at Heimetenesta og Dagtilbodet må styrkast. Dette er viktige tenester for at folk kan bu heime lengst mulig

Kommunen har ansvaret her og dei må ta høgde for det i sitt budsjettarbeid-

## KINN KOMMUNE SI ROLLE

Økonomi og ressursar

Tilretteleggjar og samarbeidspartnar

Informasjon og tilgjengelegheit.

Florø Pensjonistlag

  
Reidun Espeland  
- leiar -

Fagforbundet avd 262 Flora Pensjonist og Uførelag

  
Ann Elin Trettevik  
- leiar -

## **HØYRINGSUTTALE KINN KOMMUNE SI SAMFUNNSPLAN, KOST-083-24.**

Samfunnsplanen er heilskapleg og dekkjer alle sentrale områdar innan kommunen Flora Penjonistlag og Fagforbudet Flora avd 262 si pensjonistgruppe, vil i denne uttale kommentere og kome med innspel til dei tema i planen som er viktig for våre medlemmar.

Dei samfunnsmessige endringane vi står i og dei utfordringane dei fører med seg for Kinn kommune, er godt gjort greie for i planen. Dette er vi einige i. Spørsmålet er korleis løyser vi dei?

I planen legg ein opp til at den einskilde, pårørande og frivilligheita skal ta større ansvar enn i dag for at Kinn kommune skal vere ein god kommune å leve, og for dei eldre.

### **SOSIALE FELLESKAP**

Å forebyggje utanforskap og einsemd er viktig for å kunne leve gode og meiningsfylte liv for dei eldre. Det er i dag mange møteplassar og arenaer der eldre møtast og deltek i ulike aktivitetar. Å oppretthalde og utvikle desse vert viktig. For å få det til kan ein ikkje berre tenkje dugnad. Det må og vere økonomiske ressursar knytt opp mot dette arbeidet. Vi er uroa for omstillinga planen legg opp til, og dei konsekvensane det har for dei lovpålagde tenester i høve dei eldre.

### **TEKNOLOGI OG DIGITALISERING**

Digitalt utanforskap er det mange som opplever og då særleg dei eldre. K(unnstig) I(ntelligens), er den neste store digitale endringa og det skjer fort. Ulike former for velferdsteknologi er alt teke i bruk og nye kjem. Å leggje til rette for at eldre kan nytte seg av teknologi individuelt vert viktig, men og å trygge dei i høve bruk av desse hjelpemidla. Hendene i omsorgssektoren kan ikkje erstattast av KI.

Korleis ser kommunen føre seg å løyse dette?